



## Medieklagenemnda

---

### Avgjerda til klagenemnda av 1. september 2026 i sak 2026/0876

**Saka gjeld:** Klage på vedtak om reisestipend utland

**Klagar:** A

**Klagenemnda sine**

**medlemmer:** Bjørnar Borvik, Gunn Enli, Karin Fløistad og Eirik Østerud

### Bakgrunn:

- (1) A (heretter klagar) søkte 22. oktober 2025 Norsk filminstitutt (heretter NFI) om reisestipend til representasjon på «Thessaloniki International Film Festival» (heretter festivalen). I søknaden opplyste klagar at ho er invitert til å sitte i eit panel, i tillegg til å vere med på ein «workshop» for skodespelarar. Klagar presiserte at ho ikkje reiser gjennom filmen [film].
- (2) NFI og klagar hadde dialog frå 4. november 2025 til 12. desember 2025. Klagar opplyste mellom anna at hovudgrunnen til at klagar var invitert til panelet var hennar samarbeid med regissøren i filmen [film]. Filmene sto i programmet på festivalen, men klagar var der i kraft av hennar eige arbeid som «caster».
- (3) NFI fatta vedtak om avslag 12. desember 2025. Avslaget var grunngjeve med at NFI ikkje tildeler reisestipend for generell deltaking på filmfestivalar, deltaking i panel, workshop og liknande. NFI opplyste vidare at dei gjev stipend når det er visning av filmen og søkjar skal representere filmen i samband med filmvisninga.
- (4) Klagar klaga på vedtaket 2. januar 2026. Klagar hadde innvendingar til NFI si vurdering. Klagar spurde også kvifor invitasjonen til å sitte i panelet ikkje blir dekkja under ordninga for filmkulturelle arrangement i utlandet.
- (5) NFI sendte 23. februar 2026 eit utdjupande svar til klagar, kor NFI skisserte kva som er gjeldande retningslinjer og praksis for fleire av deira reisestipend. NFI bad også om ei tilbakemelding på om klagar opprettheldt klagen.
- (6) Klagar svarte same dag at ho framleis synes at avslaget er vanskeleg å skjønne ut i frå informasjonen som sto på NFI si heimeside då ho søkte, og at ho opprettheldt klagen.
- (7) NFI vurderte klagen, men fann ikkje at det var grunnlag for å endre vedtaket, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 33. Saka vart sendt til Medieklagenemnda for endeleg avgjerd ved innstilling 16. april 2026.
- (8) Nemndsmøte i saka vart halde 1. september 2026.

**Postadresse:**

Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

**Besøksadresse:**

Vestre Strømkaien 13  
5008 Bergen

Telefon: +47 55 19 30 00    post@knse.no

**Grunngjevinga til Norsk filminstitutt i hovudtrekk:**

- (9) NFI meiner at klagar ikkje representerte filmen [film] på festivalen, jf. detaljforskrifta § 2-5 første ledd andre punktum. Det var suksessen til filmen som var årsaka til at klagar vart invitert, basert på hennar arbeid med «casting» til filmen. Høyringsnotatet viser at tilskot nettopp skal verte tildelt til «fagarbeidere som skal delta og representere sitt audiovisuelle verk på en festival». Ei alminneleg språkleg forståing av omgrepet «representere» er at søkjar må opptre på vegner av det audiovisuelle verket på festivalen. Dette kjem til syne i retningslinjene, kor det står at ein kan søkje om reisestipend for å delta på «[...] festivaler [...] med eget prosjekt».
- (10) NFI påpeiker i avslagsbrevet at NFI som hovudregel prioriterer dei mest sentrale fagfunksjonane (eventuelt hovudkarakterane) knytt til prosjektet, og inntil to personar per produksjon. NFI vil sjølvsagt byggje opp ulike fagfunksjonar, og om ein fagfunksjon er nominert til ein pris som er på listene til NFI, er det mogleg å søkje reisestipend. NFI understrekar likevel at dette ikkje var avgjerande for avslaget.
- (11) Klagar søkte om stipend til festivalar eller prisutdeling, og søknaden vert behandla på det grunnlaget. Arrangement som mottok reisestipend under «representasjon og deltakelse – filmkulturelle arrangementer» må føregå på ein anerkjent kulturell arena og ha eit tematisk fokus relatert til Norge eller vere ein retrospektiv serie. Informasjonen i søknaden til klagar tilsa at desse vilkåra ikkje var oppfylt. Det var derfor ikkje grunnlag for å vurdere søknaden til klagar for stipend til filmkulturelle arrangement, eller ta kontakt for å rettleie klagar om at ho heller burde søkt om stipend til denne ordninga.

**Klagar har i det vesentlege gjort gjeldande:**

- (12) Klagar meiner at det er opplagt at ho er invitert til å sitte i panelet på grunn av den internasjonale suksessen til filmen [film]. Klagar sitt arbeid med regissøren og filmen blir snakka om i panelet.
- (13) Klagar understrekar at festivalar og treff med internasjonale «castingkollegaer» er givande og nødvendig for å utvikle seg innanfor faget. Nettverket som klagar har opparbeidd har hatt stor påverknad på at filmen er stemt fram til fleire prisar, da det er «castarar» som stemmer i dei fyrste rundane.
- (14) Klagar spør kva det er med hennar invitasjon til å sitte i panel på festivalen som ikkje blir dekkja under tilskotsordninga filmkulturelle arrangement i utlandet.
- (15) Klagar meiner det er trist og urovekkande at andre filmarbeidarar enn dei mest sentrale (og eventuelt hovudkarakterar) ikkje blir sett på som ressursar til å «fronte» norsk film internasjonalt, og at dei ikkje kan bli inkludert i å søke om reisetilskot hos NFI.

**Vurderinga til Medieklagenemnda:**

- (16) Saka gjeld klage 2. januar 2026 over vedtak frå NFI om avslag på søknad om reisestipend til representasjon på festival i utlandet. Klagen er rettidig, jf. forvaltningsloven § 29 første ledd.
- (17) Det rettslege grunnlaget for handsaminga av søknaden følger av forskrift 31. oktober 2016 nr. 1264 om tilskudd til audiovisuell produksjon (detaljforskrifta). Detaljforskrifta er heimla i forskrift 7. oktober 2016 nr. 1196 om tilskudd til produksjon og formidling av audiovisuelle verk (hovudforskrifta).

- (18) Tilskot til enkeltpersonar vert regulert i detaljforskrifta kapittel 2. Vilkåra for å få tilskot til «faglig utvikling og deltakelse på bransjearrangement» går fram av detaljforskrifta § 2-5 og lyd slik:

«Tilskudd skal bidra til kompetanseutvikling av fagarbeidere i den norske audiovisuelle bransjen. Det kan gis tilskudd til deltakelse på kurs, seminarer og finansieringsfora, samt representasjon av audiovisuelle verk på prioriterte festivaler eller prisutdelinger.

Tilskudd kan gis til deltakeravgift, reiser og opphold.

Der Norsk filminstitutt er tilskuddsforvalter, kan tilskudd etter denne bestemmelsen kun brukes til internasjonale arrangementer.»

- (19) Etter ordlyden «kan» det gjevast tilskot. Ein søkjar har difor ikkje eit rettskrav på tilskot frå ordninga. Føreseigna gjev NFI eit stort rom for skjønn ved vurderinga av om NFI skal gje tilskot i enkeltsaker.
- (20) NFI har avslått søknaden med den grunngevinga at søknaden ikkje gjeld «representasjon av audiovisuelle verk» under festivalen, jf. detaljforskrifta § 2-5 første ledd andre punktum. NFI meiner at klagar ikkje representerte filmen [film] på filmfestivalen, men at ho deltok på generelt grunnlag.
- (21) Først vil Medieklagenemnda vurdere om NFI har gjort ei vurdering i tråd med gjeldande regelverk.
- (22) Det går fram av detaljforskrifta § 2-5 første ledd andre punktum at det «kan gis tilskudd til [...] representasjon av audiovisuelle verk på prioriterte festivaler». Ei alminneleg språkleg forståing av ordlyden tilseier at tilskot kan tildelast søkjarar som opptrer på vegne av det audiovisuelle verket på festivalen.
- (23) Vidare går det fram av NFI sitt høyringsnotat til forskrifta («Høring – ny forskrift om tilskudd til audiovisuell produksjon (underoverskrift)», ikkje datert), at NFI foreslår å opne for at NFI kan gje tilskot til fagarbeidarar som skal delta og «representere sitt audiovisuelle verk» på ein festival, jf. side 9. Vidare står det i retningslinjene til tilskotsordninga, som er publiserte på heimesidene til NFI, at ein kan søkje om stipend for å delta på festivalar «med eget prosjekt». Medieklagenemnda er enig med NFI i at høyringsnotatet til forskrifta og retningslinjene til tilskotsordninga underbygger forståinga av at søkjar må opptre på vegne av det audiovisuelle verket på festivalen.
- (24) Klagar har opplyst at ho vart invitert til å sitte i panelet på «Thessaloniki International Film Festival» på grunn av hennar arbeid og suksess med filmen [film]. Det var snakka om klagar sitt samarbeid med regissøren og filmen i panelet. Det er Medieklagenemnda sitt syn at klagar si deltaking oppfyller tilskotsordninga sitt føremål om å bidra til kompetanseutvikling av fagarbeidarar i den norske audiovisuelle bransjen, jf. detaljforskrifta § 2-5 første ledd første punktum. Deltakinga oppfyller også føremålet om å auke merksemda om norsk film, jf. retningslinjene til ordninga. Nemnda meiner likevel at klagar si deltaking på festivalen og hennar tilknytning til filmen er av meir generell karakter. Klagar har opplyst at ho ikkje reiste gjennom filmen, og at ho var der i kraft av seg sjølv som «caster». Nemnda meiner difor at ein ikkje kan seie at klagar representerte filmen under festivalen. Ho opptredde ikkje på vegne av filmen. Nemnda har på det grunnlaget kome til at vilkåra for tilskot ikkje er oppfylt, jf. detaljforskrifta § 2-5 første ledd andre punktum.

- (25) Klagar har vist til at det i retningslinjene for tilskotsordninga står at ein kan søkje om stipend for å delta på kurs, festivalar, prisutdelingar eller «filmkulturelle arrangementer». Klagar ser ut til å meine at invitasjonen til å sitte i panel på «Thessaloniki International Film Festival» kan dekkast som deltaking til filmkulturelle arrangement.
- (26) Det går som nemnt fram av detaljforskrifta § 2-5 første ledd at det kan bli gjeve tilskot til «deltakelse på kurs, seminarer og finansieringsfora, samt representasjon av audiovisuelle verk på prioriterte festivaler eller prisutdelinger». Klagar har søkt om stipend til deltaking på filmfestival. For deltaking på festival er ordlyden klar på at det berre kan bli gjeve tilskot til «representasjon av audiovisuelle verk på prioriterte festivaler». Føreseigna opnar ikkje for å gje tilskot til anna deltaking på festival, slik klagar ser ut til å meine. Det er vidare Medieklagenemnda sitt syn at NFI må kunne forhalda seg til informasjonen som er innteke i søknaden når NFI skal vurdere den.
- (27) Uansett meiner Medieklagenemnda at det går fram av retningslinjene til tilskotsordninga at tilskot til «[r]epresentasjon og deltagelse – filmkulturelle arrangementer» kviler på den føresetnad at klagar representerer eit verk. Nemnda viser særleg til at retningslinjene krev at søkjar må vere invitert «med» eit audiovisuelt verk.
- (28) På denne bakgrunn meiner Medieklagenemnda at NFI har gjort ei vurdering i tråd med gjeldande regelverk.
- (29) Medieklagenemnda vil så vurdere om vedtaket er tilstrekkeleg grunngeve.
- (30) Medieklagenemnda har i sin praksis lagt til grunn at NFI si grunngeving må oppfylle krava i forvaltningsloven § 25 og vere eigna til å vise at NFI har gjort ei reell og sjølvstendig vurdering av klagar sin søknad med utgangspunkt i vilkåra og kriteria som gjeld for avgjerda i saka. Forvaltningsorganet pliktar ikkje å gje grunngevinga samtidig med vedtaket ved fordeling av goder mellom fleire partar, jf. forvaltningsloven § 24 andre ledd andre punktum. Nemnda vil difor også ta omsyn til NFI si seinare grunngeving for vedtaket.
- (31) Etter Medieklagenemnda sitt syn oppfyller den samla grunngevinga i saken krava i forvaltningsloven § 25. Grunngevinga viser til dei føresegner og faktiske forhold som vedtaket er bygd på, og hovudomsyna som har vore avgjerande ved utøvinga av NFI sitt forvaltningsskjønn.
- (32) Medieklagenemnda meiner også at grunngevinga er eigna til å vise at NFI har gjort ei reell og sjølvstendig vurdering av søknaden til klagar i tråd med detaljforskrifta og hovudforskrifta. I innstillinga til nemnda har NFI svara på klagar sine påstandar i klagen, og NFI har gjort nærmare greie for vurderingane sine. Vedtaket er difor grunngeve tilstrekkeleg.

### **Konklusjon:**

På denne bakgrunn gjer Medieklagenemnda følgjande

*vedtak:*

Klagen blir ikkje teken til følgje.

Det kan ikkje klagast på vedtaket, jf. forvaltningsloven § 28 tredje ledd.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*